

Til elevar ved  
Austrheim vidaregåande skule

Austrheim, august 2019

## **Praktisk info skuleåret 2019-2020**

### *Startsamalar*

Elevar og føresette på vg1 og vg2 får innkalling til startsamtale tysdag 27.08 med kontaktlærer. Lapp med tidspunkt vert delt ut første skuledag. Dersom tidspunktet ikkje passar, kan de ta kontakt med kontaktlærer for endring av dette. Det er viktig at elevar under 18 år har med føresette.

### *Skuleskyss*

Elevar frå Hordaland finn informasjon om bussruter på [www.skyss.no/](http://www.skyss.no/), og elevar frå Sogn og Fjordane på [www.kringom.no](http://www.kringom.no). Vi viser også til vår heimeside: <http://auv.hfk.no>. Ved skulestart får elevane informasjon vedrørende skulereisekort/ungdomsbillett. Søknadsskjema til skulereisekort vert utlevert på skulen. Generell informasjon om skuleskyss finn du på [www.hordaland.no/skoleskyss](http://www.hordaland.no/skoleskyss). Elevar frå Hordaland som treng særskild skyss pga. funksjonshemming, eller ekstraskyss pga. manglande rutetilbod mellom heim og skule, må ta kontakt med ekspedisjonskontoret på skulen snarast etter skulestart. Elevar frå Sogn og Fjordane kan søkje Samferdselskontoret i Sogn og Fjordane om fri skuleskyss dersom dei har meir enn 6 km reise mellom heim/hybel og skulen. Elevane søkjer elektronisk på <https://skuleskyss.sfj.no>

### *Stipend*

Er du elev og har ungdomsrett, får du utstyrstipend frå Lånekassen. Du får stipendet same kor mykje foreldra dine tener. Hugs at du må søkje om stipendet for å få det utbetalt. Når du søkjer, sjekkar Lånekassen automatisk om du har rett til andre stipend, som for eksempel grunnstipend eller bustipend. Du søkjer på [www.lanekassen.no](http://www.lanekassen.no) eller [www.vigo.no](http://www.vigo.no) etter at du har fått skuleplass. Bruk søknaden for vidaregåande opplæring. Elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram Vg1 og Vg2, må rekna med ein del utgifter til utstyr og materiell til bruk i undervisninga. Nærare informasjon får du frå kontaktlærer. Alle elevane får gratis lærebøker til utlån på skulen.

### *PC*

Undervisninga i vidaregåande skule krev PC. Alle elevar i vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune har sjølv ansvar for å stille med PC til skulestart i august. PC er eit nødvendig verktøy i din skulegang. For Vg1-elevar finn du info om bestilling og val av PC her: [www.hordaland.no/elev-pc](http://www.hordaland.no/elev-pc), og på skulen si heimeside.